



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Instituttrådet

Referanse

2022/5118-STT

Dato

30.03.2022

Sted: Sydnesplassen 12/13, seminarrom 1. etasje

Tid: Torsdag 7. april kl. 09.15 – 11.30

Til: Steinar Bøyum, Eivind Kolflaath, Vibeke Tellmann, Hans Marius Hansteen, Julie Zahle, Gunnar karlsen, Leon Commandeur, Kirsten Bang, Haakon Ben Schrøder, Axel Leegaard, Rebecka Sjøvangen

Innkalling til instituttrådsmøte 07.04.22

I Godkjenning av innkalling og sakliste

II Orienteringssaker

- Referat frå sist møte i fakultetsstyret
- Referat frå sist møte i Undervisningsutvalget
- Referat frå sist møte i Utval frå Examen philosophicum
- Midler til samarbeidsprosjekt innen Globale samfunnsutfordringer
- Utarbeidelse av handlingsplaner for reduksjon av midlertidige ansettelse
- Informasjon vedrørende parkering – innføring av ny parkeringsordning i to etapper 2022.
- Examen philosophicum: Den økonomiske situasjonen

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudier
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplass 12-13
Bergen

Saksbehandler
Steinar Thunestvedt
55582384

III Vedtakssaker

06-22 Fråfall på bachelorstudiet i filosofi: Oppretting av arbeidsgruppe

07-22 Prinsipp for utlysning og tilsetting av stipendiatar

08-22 Studiekvalitetsmelding

09-22 PhD-utdanningsmelding

10-22 Plan for det vidare strategiarbeidet

Steinar Bøyum
instituttleder

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Instituttrådet

Referanse

2022/5118-STT

Dato

01.04.2022

II Orienteringssaker

Vedlagt finn ein orienteringssakene til instituttrådsmøtet 07.04.22.

Steinar Bøyum
instituttleder

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

HR-avdelingen
Telefon 55582100
post@uib.no

Postadresse
Postboks 7800
5020 Bergen

Besøksadresse
Kalfarveien 31
Bergen

Saksbehandler
Kari Elisabeth Lønøy
55583282



Til fakultetene, Universitetsbiblioteket og Universitetsmuseet i Bergen

Referanse

2017/1722-KEL

Dato

29.03.2022

Utarbeidelse av nye handlingsplaner for reduksjon av midlertidige ansettelses

Universitetsstyret behandlet i møte 10.03.22 sak om midlertidige ansettelses ved UiB – Status og videre tiltak.

Universitetsstyret fattet følgende vedtak:

1. Universitetsstyret vedtar av fakultetene skal igangsette arbeidet med nye tiltaksplaner for fortsatt reduksjon i midlertidigheten i løpet av en 3 års periode.
2. Universitetsstyret ber om at handlingsplanene fremlegges for universitetsdirektøren innen utgangen av juni 2022

HR-avdelingen er bedt om å følge opp styrets vedtak.

På denne bakgrunn ber vi om at fakultetene igangsetter arbeidet med å utarbeide handlingsplaner for redusert midlertidighet for en 3-års periode.

Handlingsplanene sendes HR-avdelingen **innen 24. juni 2022 (ephorte – sak 17/1722)**.

Hvert fakultet bør se på sine tall slik de er presentert i styresaken, og i mer detalj i [Database for statistikk om høyere utdanning \(DBH\)](#). Fakultetene må spesielt se på stillingskategorier hvor man i dag ligger høyere enn målsettingen i arbeidslivet ellers (ca. 8 %).

Vennlig hilsen

Britt-Karin Muri
Underdirektør

Kari Elisabeth Lønøy
seniorrådgiver

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte



HR-avdelingen
Eiendomsavdelingen
Kommunikasjonsavdelingen
IT-avdelingen
Økonomiavdelingen
Universitetsdirektørens kontor
Universitetsmuseet, administrasjon
Forsknings- og innovasjonsavdelingen
Studieavdelingen
Det samfunnsvitenskapelige fakultet
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet
Det medisinske fakultet
Det humanistiske fakultet
Det juridiske fakultet
Det psykologiske fakultet
Universitetsbiblioteket
Fakultet for kunst, musikk og design
mottaker

Referanse

2019/1781-AGLA

Dato

09.03.2022

Informasjon vedr parkering - innføring av ny parkeringsordning i to etapper 2022

Det bes om at mottakerenhet informerer om følgende til berørte underenheter:

Det er besluttet at innføring av ny parkeringsordning skal iverksettes i 2022, innføringen har vært utsatt siden styrevedtaket høsten 2019 hovedsakelig grunnet Covid-19 situasjonen.

Reserverte parkeringsplasser på UiB fjernes 01.04.2022.

Ordningen med reserverte plasser for enheter avvikles fom. 01.04.2022. Fra denne dato fjernes reservertskiltene og plassene går over til å være frie plasser for ansatte/studenter.

Det er fram til og med 31.03.2022 fortsatt avsatt reserverte parkeringsplasser for enheter (fakulteter og avdelinger). Disse plassene kan brukes med elektronisk tillatelse (hvitelisting)

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Det humanistiske fakultet
Telefon 55589380
post@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Harald Hårfagres gate 1
Bergen

Saksbehandler
Kirsten Moen
55588085

fra fakultet/avdeling eller det instituttet/seksjonen som har fått plass tildelt. Selv om disse plassene disponeres av enhetene er det krav om at biler som står på reserverte plasser skal ha elektronisk registrert kjennemerke – hvitelistet av enheten. Det er ikke tilstrekkelig med generell parkeringstillatelse for ansatte/studenter for frie plasser på UiB. Enhetene må sørge for å informere egne brukere av plassene om dette.

Informasjon om hvitelisting og påloggingsinformasjon er tidligere sendt i ephortesak 2019/1781.

Det er viktig å informere ansatte som har benyttet reserverte plasser om at de etter 01.04.2022 må ha generell parkeringstillatelse for frie plasser ansatte/studenter i appen AimoPark Norway for å kunne benytte parkeringsplassen på UiB. Det finnes informasjon og veiledning om dette i UiBhjelp og på Ansattssidene.

Betaling for parkering innføres 01.06.2022

Det innføres betaling for parkering ved UiB fra 01.06.2022 – betaling vil skje i appen AimoPark Norway. Eiendomsavdelingen vil legge ut oppdatert info om priser og veiledning for betaling ila. våren. Informasjonen vil legges ut i UiBhjelp, Ansattssidene og som kortnytt i PåHøyden.

Vennlig hilsen

Kjartan Nasset
eiendomsdirektør

Agnethe Erstad Larsen
underdirektør

Kopi

Kari Fuglseth
Laurice-Solveig Majlaton Høie
Elin Egenæs Horntvedt
Grethe Bruvoll
Sosiologisk institutt
Institutt for økonomi
Institutt for geografi
Institutt for sammenliknende politikk
Institutt for sosialantropologi
Grethe Bruvoll
Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap
Institutt for økonomi
Geofysisk institutt
Institutt for fysikk og teknologi

Kjemisk institutt
Institutt for informatikk
Institutt for biovitenskap
Matematisk institutt
Institutt for geovitenskap
Heidi Annette Espedal
Senter for vitenskapsteori
Institutt for fremmedspråk
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap
Steinar Sælebakke
Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Anders Fagerjord
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier
Jorunn Nedreberg
Senter for kvinne- og kjønnsforskning
Håvard Østrem Peersen
Ørnulf Lillestøl
Rebeca Torres
Eli Neshavn Høie



Institutt for fremmedspråk
Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap
Senter for kvinne- og kjønnsforskning
Senter for vitenskapsteori

Referanse

2022/4507-KIMO

Dato

30.03.2022

Midler til samarbeidsprosjekt innen Globale samfunnsutfordringer

Satsingsområder *Globale samfunnsutfordringer* lyser ut midler med formålet å stimulere til tverrfaglig forsknings- og utdanningssamarbeid, se vedlegg.

Søker:

- Midlene kan søkes av fast vitenskapelig ansatte med hovedstilling ved UiB.

Tildelingskriterier:

- Tema skal relatere seg til globale samfunnsutfordringer innen migrasjon, helse eller ulikhet.
- Minst to fakultet ved UiB skal delta i arbeidet.
- Aktiviteten må utføres innen 30. juni 2023.

Søknadskriterier:

- Søknaden må inneholde en kort beskrivelse av formål, samarbeidsrelasjoner og plan for aktiviteten, samt budsjett.
- Søknaden skal ikke overstige 2 sider.
- Det bevilges midler til møter, seminarer eller reiser som har til hensikt å utvikle tverrfaglige forsknings- og/eller undervisningsprosjekter.
- Prosjektene bør inneholde konkrete planer om søknader til eksterne finansieringskilder.
- Det bevilges maksimum kr 100 000 per prosjekt.

Merk: Det bevilges ikke midler til deltagelse på konferanser etc., lønn, driftsmidler til forskning, pilotstudier eller utvikling av undervisnings- og forskningsmateriale. Gjentakende aktiviteter som for eksempel arrangement av årlige konferanser/seminarer støttes ikke.

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudier
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplass 12-13
Bergen

Saksbehandler
Steinar Thunestvedt
55582384

Mottakere av midler fra denne utlysingen må sende inn en rapport etter at prosjektet er gjennomført. Rapportkjema sendes sammen med tildelingsbrev.

Søknadsfrist 20. april 2022.

Søknad sendes i ePhorte fra hovedsøkers institutt til *Globale samfunnsutfordringer*

Vennlig hilsen

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør

Kirsten Moen
seksjonssjef



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Instituttrådet

Referanse

2022/5118-STT

Dato

01.04.2022

III 06-2022 Fråfall på bachelorstudiet i filosofi: Oppretting av arbeidsgruppe

Saksforelegg:

Som vist til i studiekvalitetsmeldinga har studiepoengproduksjonen ved FoF hatt ei stor auke dei siste åra. Men medan studiepoengproduksjonen samla sett er høg, har kandidatproduksjonen vore låg. Fråfallet varierer ein del frå kull til kull, men det ligg på rundt 75 % på BA filosofi dei siste åra. Under 20 % fullfører på normert tid. Som desse tala viser er det også slik at av dei som gjennomfører, så gjennomfører dei fleste på normert tid, noko som tyder på at problemet ikkje er at ein bruker lang tid på å fullføre, men at ein fell frå undervegs, særleg rundt 3. semester.

Fråfallet er høgt på dei fleste humanistiske utdanningar, men filosofi ligg høgt også i denne samanhengen. Dette har ikkje berre økonomiske følgjer, men det tyder også at tre av fire studentar tydelegvis ikkje finn studiet vårt verdifullt nok til at dei vil halde fram. Det kan godt vere at studentane sin bakgrunn, situasjon og motivasjon gjer at me aldri vil få eliminert fråfallet heilt, men det er ingen tvil om at 75 % er altfor høgt. Det burde vere mogleg å redusere dette. Gjennomføring er ikkje alt, men me vil trass alt meine at faga våre er viktige og at me derfor gjerne vil gjere dei interessante nok til at studentane blir verande hjå oss.

Instituttet ønskjer difor å opprette ei arbeidsgruppe som kan sjå nærare på fråfallet på BA-filosofi. Det overordna mandatet for ei slik gruppe vil vere både å analysere årsakene til fråfallet og å foreslå tiltak for å redusere dette. Med bakgrunn i den stramme økonomien både på fakultetet og på instituttet, må eventuelle tiltak halde seg innanfor eksisterande ressursrammer.

Aktuelle diskusjonsspørsmål for ei slik gruppe kan til dømes vere:

- Er det behov for å endre emneporteføljen eller strukturen i BA-graden?
- Er studiet, særleg i dei avgjerande semestra, for krevjande, gitt studentmassen?

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudium
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplass 12-13
Bergen

Sakshandsamar
Steinar Thunestvedt
55582384

- Er det samsvar mellom studentane sine interesser og det me tilbyr? Er det til dømes for mykje tungt teoretisk stoff eller for mykje filosofihistorie?
- Har me for mange emne, slik at studiet vert for fragmentert og mister samanheng?
- Kan me gjere noko med undervisningsmetodane? Nyttar me til dømes for lite ressursar pr. emne, slik at studentane får for lite oppfølging?
- Kan me gjere noko for å betre det fagleg-sosiale miljøet?
- Sidan menn fell oftare frå enn kvinner, kan betre kjønnsbalanse redusere fråfall?

Framlegg til vedtak:

Instituttet opprettar ei arbeidsgruppe med utgangspunkt i undervisingsutvalet som skal foreslå tiltak for å redusere fråfall på BA filosofi.

Steinar Bøyum
Instituttleder

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef



Institutt for filosofi og førstesemesterstudium
Instituttrådet

Referanse

2022/5118-STT

Dato

01.04.2022

III 07-2022 Prinsipp for utlysning og tilsetting av stipendiatar

Saksforelegg:

Etter ein lang periode utan ei einaste utlysning av universitetsstipend på instituttet, ser det no ut til at me vil få meir regelmessige utlysingar i åra framover. Då oppstår det spørsmål om prinsippa for utlysning av desse.

I instituttrådsmøtet 05.12.19 vart ein samde om ein tostegs-prosess, der forskingsgruppene skulle søkje instituttleiinga om å få tildelt ei av dei aktuelle stipendiatstillingane. Sidan det av ulike grunnar skulle gå bortimot to år utan ei utlysning, vart dette revidert i instituttrådsmøtet 20.5.21. I perioden 2019-2021 samla det seg opp potensielle søkjarar, særleg tidlegare masterstudentar, mange av dei i ein vanskeleg situasjon på grunn av pandemien, som venta på ei utlysning. Ein gjekk difor inn for ei open utlysning av to stipendiatstillingar. Prosessen med desse to stillingane er no avslutta.

Det er ein viktig del av instituttet sin phd-strategi at kandidatane er aktive medlemmer i forskingsgrupper. Dette er ein sentral del av forskningssatsinga til instituttet generelt og for ph.d.-utdanninga spesielt. Det er vidare i tråd med UiB sin handlingsplan for ph.d.-utdanninga som har som mål å «styrke forskergruppene sin rolle i veiledningen.» Kandidatane sjølve rapporterer også om at forskingsgruppene er ein sentral arena for fagleg utveksling og inkludering. Søkjarar må derfor ha forskingsprosjekt som passar inn i ei av dei etablerte forskingsgruppene ved instituttet (slik kravet også har vore ved dei siste utlysingane).

Sjølv om kravet om tilknytning til forskingsgrupper ligg fast, så står ein likevel ovanfor eit val mellom følgjande to alternativ ved utlysning av stipendiatstillingar i tida framover:

- 1) Stipendiatstillingar blir utlyst opent. Fordelen med dette er stort tilfang av søkjarar. Det gjev mindre risiko for å gå glipp av talent, og potensielle søkjarar kan også oppleve dette som meir rettferdig. Kravet om forskingsgruppetilknytning vil då kome opp som eit moment i innstillinga. Ulempa med opne utlysingar er at ein får mange søkjarar, som gjer at prosessen tek lengre tid, som igjen gjer at aktuelle søkjarar kan

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudium
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplass 12-13
Bergen

Sakshandsamar
Steinar Thunestvedt
55582384

få tilbud andre stader. I tillegg kan det vere vanskeleg å finne komitémedlemer som er kompetente til å vurdere alle prosjekta.

- 2) Stipendiatstillingar blir lyst ut knytt til ei bestemt forskingsgruppe, til dømes ved ein tostegs-prosess som nemnd over. Fordelen med dette er ei tydelegare strategisk styring av stipendiatstillingane. Ein kan då ta omsyn til forskingsgruppene sine behov og planar, samt til eksternfinansiering. Ein annan fordel er at det blir færre søkjarar, som gjer at prosessen kan gå raskare og ein lettare kan sette saman ein kompetent komité. Ulempa er naturlegvis at ein ekskluderer mange potensielle søkjarar, og at ein då kan miste spesielt lovande kandidatar.

Instituttrådet blir invitert til diskusjon om desse to alternativa.

Framlegg til vedtak:

.....

Institutt for filosofi og førstesemesterstudium lyser ut ei stipendiatstilling i samsvar med diskusjonen i møtet.

Steinar Bøyum
instituttleiar

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef



Institutt for filosofi og førstesemesterstudium

Instituttrådet

Referanse

2022/5118-STT

Dato

01.04.2022

III 08-2022 Studiekvalitetsmelding for 2021

Dokument:

- Bestilling – egenvurderinger og studiekvalitetsmeldinger for 2021
- Utkast til studiekvalitetsmelding for FoF

Saksforelegg:

Studiekvalitetsmeldinga er den årlege meldinga som om tilstanden for studieprogramma våre. Meldinga blir for vår del følgd opp av dialogmøte med fakultetet primo april og skal handsamast i fakultetsstyret 10. mai.

Framlegg til vedtak:

Instituttrådet vedtar framlegg til studiekvalitetsmelding for 2021

Steinar Bøyum
instituttleder

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte



Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap
Senter for kvinne- og kjønnsforskning
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier
Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Institutt for fremmedspråk
Senter for vitenskapsteori

Referanse

2022/3078-INGHA

Dato

15.02.2022

Bestilling - Egenvurderinger og studiekvalitetsmeldinger for 2021

Vedlagt oversendes den årlige bestillingen til studiekvalitetsmelding til fakultetene. Vi ber institutt og sentre følge opp denne bestillingen med sine egenvurderinger og meldinger til fakultetet. Kulepunktene Utviklingsavtale med KD og Budsjettprioriteringer kan kommenteres på av enhetene, men disse vil fakultetet besvare i sin melding.

Frist for innsending av meldinger 23. mars 2021.

Vi planlegger behandling av fakultetets melding i fakultetsstyret 10. mai og har frist for innsending av melding 18. mai.

Fakultetet planlegger dialogmøter med enhetene og de vil bli gjennomført som i fjor, med et fellesmøte for utdanning, forskning og forskerutdanning. Møtene er berammet til 1., 7. og 8. april og innkalling er sendt i outlook. Fra fakultetet vil dekan, prodekan, visedekan, fakultetsdirektør og studiesjef møte og fra enhetene ber vi om at institutt/- senterledelsen møter.

Vennlig hilsen

Ranveig Lote
seksjonssjef

Inger Marie Hatløy
seniorrådgiver

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

STUDIEKVALITETSMELDING

INSTITUTT FOR FILOSOFI OG FØRSTESEMESTERSTUDIER

Det følgjande er Institutt for filosofi og førstesemesterstudier si studiekvalitetsmelding for 2021. Studieporteføljen til FOF består av årsstudium, BA og MA filosofi, BA retorikk, samt exphil og exfac. Me følgjer her tradisjonen for desse meldingane og konsentrerer oss om fagstudia.

Studieportefølje og dimensjonering

Som vist til i fjorårets studiekvalitetsmelding har studiepoengproduksjonen ved FoF hatt ei stor auke, med noko nær ei dobling dei siste fem åra. Det er tendensar til at denne auken held fram, men også teikn på at han held på å flate ut. Studiepoengproduksjon pr. program viser svak oppgang for BAHF-FILO, på det jamne for BAHF-RET og MAHF-FILO. Studiepoengproduksjon per student viser oppgang for BAHF-FILO og BAHF-RET i 2021 (sjå statistikk mot slutten av dette dokumentet).

Auken dei siste åra kjem delvis av høg overbooking, særleg på årsstudiet i filosofi, og delvis av at fleire studentar utanfor instituttet sine program tek våre emne, noko som viser at filosofi er attraktivt som støttefag i andre utdanningar, både som frie studiepoeng og som obligatoriske emne i andre program (blant anna BA Kognitiv Vitenskap).

I si bestilling til fakultetet har UiB sentralt spurt om praksisen med overbooking går ut over studiekvalitet, læringsmiljø og andre område som tid til forskning og prosjektsøknader. Det er ikkje høve her til å ta opp alle desse sidene, men ein kan peike på at instituttet har gjort innsparingar i undervisingstilbodet på fagstudia å redusere ressursbruken, mellom anna for å verne om tida til forskning. Til dømes har me måtte kutte i rettleiing av semesteroppgåver på valfrie emne fordi dette er for arbeidskrevjande gitt talet på studentar i kombinasjon med ressursane me rår over. Slik sett er det ei viss spenning mellom overbooking og studiekvalitet.

Medan studiepoengproduksjonen samla sett er høg, så har kandidatproduksjonen tradisjonelt vore låg, i alle fall på BA-nivå. Fråfallet varierer ein del frå kull til kull, men det ligg på rundt 70% på BA dei siste åra. Samtidig viser statistikken at av dei som gjennomfører, så gjennomfører dei fleste på normert tid (nær 80% på BA), noko som tyder på at problemet ikkje er at ein bruker lang tid på å fullføre, men at ein fell frå undervegs, særleg i 3. semester. Det er likevel teikn på betring: Kandidatproduksjonen viser sterk oppgang på BAHF-FILO i 2020 og 2021, og nedgang for BAHF-retorikk. Me kjem tilbake til gjennomførte tiltak for å redusere fråfallet lenger ned i dokumentet.

På MA filosofi har gjennomstrøyminga tradisjonelt vore langt betre og er no på bortimot 75%, sjølv om fleire av studentane nyttar lengre tid enn normert. Her er det snarare rekrutteringa som har vore utfordringa. Talet på søkjarar til masterstudiet har svinga noko dei siste 5 åra, frå 32 i 2019 til 93 i 2021. Dette blir også spegla i svingingar i talet på tilbod, frå 9 i 2019 til 33 i 2021. Av disse tilboda har talet på studentar som registrerer seg variert mellom 5 i 2019 og 16 i 2021.

UiB sentralt spør i si bestilling om «hvordan andelen masterstudenter i toårige masterprogram [kan] økes og om eventuelle tiltak som er aktuelle for å øke antall kvalifiserte

søkere til masterstudiene». Det blir også spurt om opptakskrava til master kan gjerast meir fleksible. Dette er noko me kan sjå nærare på, men situasjonen er at ein stor del av dei internasjonale søkjarane ikkje er kvalifisert, sjølv om FoF allereie har svært fleksible opptakskrav ved at me vurderer søknadar frå studentar utan bachelorgrad i filosofi dersom de oppfyller visse krav. Me har også gjort ein innsats for å betre utvalet av søkjarar, spesielt internasjonalt, mellom anna ved å investere i reklamemateriell produsert av profesjonell grafisk designer og engasjere oss i målretta annonsering av programmet. Med vedvarande rekrutteringsinnsats med vekt på å tiltrekke internasjonale studentar, trur me at studenttallet vil stabilisere seg i den høgare enden av spekteret i løpet av de neste årene og at me held fram med å fylle alle studieplassane, som er redusert frå 15 til 11 sidan 2019.

Instituttet har framleis ikkje umiddelbare planar om oppretting av nye emne eller program. Som kjend har me i fleire år gått inn for eit PPE-program, men dette har stranda på andre frontar, sjølv om det også har vore vilje til å ta opp att arbeidet. Tidlegare har instituttrådet ved FoF vedtatt å leggje ned BA retorikk, og denne saka ligg no på fakultetet. Den spente ressursituasjonen gjer det nok meir aktuelt å redusere talet på emne enn å opprette nye, og dette vil bli tatt opp til vurdering i året som kjem.

Evaluering- og vurderingsarbeid

Evaluering og vurdering har vore i samsvar med prinsippa i Systembeskrivelsen, og viser at gjennomføring av emne og program i all hovudsak har fungert godt, om enn med forventa utfordringar på grunn av pandemien. BA retorikk vart programevaluert i 2020, og rapporten vart godkjend etter revisjon. Filosofiprogramma vart evaluert i 2021, og er no til handsaming i Studiekvalitetskomiteen.

I 2021 hadde me særleg merksemd på student- og emneevalueringar. Enkeltemne var tidlegare gjenstand for studentevaluering med ujamne mellomrom, men frå 2021 vil emna ha studentevaluering i kvart semester dei blir undervist i. Grunnen til dette er at me har behov for meir systematisk kunnskap om kva studentane synest om emna våre. Studentevalueringane går via emneansvarlege til undervisningsutvalet, og emneansvarlege blir bedne om å inkludere refleksjon over studentevalueringane i sine emneevalueringar og foreslå endringar i emna sine som svar på denne tilbakemeldinga. Undervisningsutvalet merker seg også eventuelle vesentlege problemstillingar som dukkar opp i studentevalueringane og kan foreslå endringar i emna som følge av dette.

Ei utfordring for det pågåande evalueringarbeidet er kort tid mellom emneevaluering og fristen for å sende inn endringsforslag til godkjenning. Difor har det vore tilfelle der endringar etterspurt av emneansvarlege ikkje vart levert til fakultetet i tide for gjennomføring neste gang emnet vart tilbode. For å unngå at dette skjer i framtida, planlegger me å sørge for at emneevalueringsskjema blir sendt ut og samla inn mot slutten av undervisninga kvart semester, slik at det blir tilstrekkeleg tid til å handsame ønske om endringar.

Generelt reflekterer studentevalueringane av enkeltemna at studentane er godt nøgde med studiet. Dette må ein likevel tolke på bakgrunn av ein relativt låg svarprosent. Me tar studenttilbakemeldingar på alvor, og me arbeider med å auke svarprosenten på emneevalueringa. Her skal me delta i eit pilotprosjekt (EvaluationKIT) som involverer programvareløysingar laga for å lette evalueringa og å heve svarprosenten.

Studiebarometeret hadde dessverre for låg svarprosent på alle programma våre, og dette indikerer at me må gjere ein sterkare innsats neste år for å få studentane til å svare. For BA filosofi kan ein lese av svar for 2020 og 2021 samla, men med merknad om at desse må tolkast med varsemd på grunn av få svar. Den overordna «tilfredsheten» er på 4.1, som må seiast å vere svært bra. På undervisning og inspirasjon får BA filosofi også godt over 4.0., som instituttet og lærarstaben bør vere særst godt nøgd med. Som fleire andre humanistiske fag gjer me det dårleg på tilknytning til arbeidslivet. Her bør det vere mykje å hente med relativt enkle grep.

Tiltak for å redusere fråfall

Målsetjinga vår i åra som kjem er å redusere fråfallet og auke bruken av studentaktive læringsformer innanfor ressursrammene våre. Mange av BA-studentane våre verkar ikkje å ha planar om å ta ein full grad frå byrjinga av, så ein kan ikkje gjere rekning med at me nokon gong vil få 70-80% gjennomføring. Samtidig er det klart at 20-30% gjennomføring er for lågt. Instituttet har allereie gjort ei endring i bacheloroppgåveemnet, med meir aktiv oppfølging, noko som ser ut til å ha gitt resultat. Samtidig er det slik at det meste av fråfallet skjer tidlegare i bachelorløpet, særleg rundt tredje semester.

Her er nokre av tiltaka for å redusere fråfall og betre studiekvaliteten som instituttet allereie har gjennomført:

- Tydeleggjere emneansvar: Undervisningsformer i høgare utdanning er i sterk utvikling, og pandemien har intensivert desse endringane. Det er difor nødvendig at ein i større grad inkorporerer ansvar for kvalitetsutvikling i emneansvaret. Eit emne bør ikkje berre vere noko som enkeltlærarar går inn og ut av frå semester til semester—nokon må ha eit overordna og langsiktig ansvar for utviklinga.
- Systematiske studentevalueringar: For å gjere noko med fråfallet, og meir generelt for å betre studiekvaliteten, treng me eit betre grunnlag for pedagogiske og organisatoriske avgjerder. Kort sagt treng me å vite meir om korleis studentane opplever emna våre. Som nemnd ovanfor har arbeidet med studentevaluering difor blitt systematisert, med meir regelmessig gjennomføring og oppfølging. Dette inkluderer også faste møte mellom fagutval og instituttleiing.
- Oppbygging av studieprogramma: Med tanke på at mange av studentane fell frå rundt tredje semester må me vurdere om oppbygginga bør endrast. Me har allereie gjort ei endring i årsstudiet, der det krevjande førstesemesteremnet FIL121 vart tatt ut av årsstudiet og erstatta med FIL128. Forhåpentlegvis gjer det resultat, og liknande grep kan vurderast på BA.
- Undervisningsassistentar: Ressurssituasjonen og påfølgjande innsparingstiltak kan redusere bruken av studentaktive læringsformer, men bruk av undervisningsassistentar kan verke i motsett retning. Bruk av masterstudentar som gruppeleiarar kan gi gode resultat, til dømes i kombinasjon med grupperettleing.
- Digitalisering: Koronasituasjonen har gitt ei digital kompetanseheving som gir oss fleire pedagogiske verktøy. Utviklingsarbeidet på exphil (DIKU-prosjektet «Argumentasjon som ferdighet» og dei SA-finansierte «Godt Forberedt»-prosjekta) med digitale arbeidspakker har

allereie hatt positiv innverknad på fagstudia, og me vonar dette vil bli endå tydelegare i åra som kjem.

Tiltak som me tidlegare har planlagt å gjennomføre, men som endå ikkje har fått gjort, eller endå ikkje fått til, inkluderer mellom anna:

- Betre faglig-sosialt miljø: BA-programmet i filosofi har hatt noko skuffande resultat i Studiebarometeret på akkurat dette området. Me treng difor å arbeide med å få fleire fagleg-sosiale møteplassar med studentane, både for å skape betre miljø mellom studentane og for å integrere dei betre i instituttets faglege liv.
- Kultur for pedagogisk utprøving og samarbeid: Her må me prøve å skape rammer som oppmodar til utprøving av nye undervisings- og vurderingsformer. Den semestervise timerekneskapen må ikkje hindre slikt langsiktig utviklingsarbeid. Dette handlar også om å skape arenaer for diskusjon og samarbeid om undervisingsformer.

Forskningsbasert undervising

I bestillinga frå UiB blir det spurt om «på hvilken måte, og i hvilket omfang eksponeres studenter for forskning i deres fagområder og involveres i forskningsarbeidet som foregår i fagmiljøene». Studenter på både bachelor- og masterstudiene møter aktuell forskning og fagutvikling på ulike tidspunkt i studia. Begge programma inkluderer ein «avhandlingskomponent», som utgjør eit rettleia forskingsprosjekt der studentane blir venta å vise kunnskap om oppdatert forskning på temaet for prosjektet. Me legg også stor vekt på forskingsleia undervising både på BA og MA. Mange av våre kurs gis av leiande fagpersonar som har internasjonale publikasjonar om tema knytt til undervisinga deira. Å ta vare på denne ordninga er ein del av vår motivasjon for å tilby et bredt utval av valemne. Litteraturlistene blir også hyppig revidert for å inkludere den siste utviklinga på forskingsfeltet som blir dekket. Masterstudentar er vidare inkludert i mange av aktivitetane til dei ulike forskingsgruppene ved instituttet. På Studiebarometeret gir bachelorstudentane dessverre relativt lav skår på parameteren «Egen erfaring med forsknings- og utviklingsarbeid». Dette tyder på at me må kommunisere betre til bachelorstudentane korleis og når dei faktisk møter og forskning i feltet. Dette er noko me ønskjer å ta opp i løpet av 2022.

Steinar Bøyum

Instituttleiar

Institutt for filosofi og førstesemesterstudier



Institutt for filosofi og førstesemesterstudium
Instituttrådet

Referanse

2022/5118-STT

Dato

01.04.2022

III 09-2022 PhD-utdanningsmelding for 2021

Dokument:

- Ph.d.-utdanningsmelding 2021
- Utkast til PhD-utdanningsmelding for 2021

Saksforelegg:

PhD-utdanningsmeldinga er FoF sitt innspel til fakultetet si PhD-utdanningsmelding, som etter handsaming i fakultære organ blir sendt vidare til sluttbehandling i UiB sitt forskingsutval og Universitetsstyre.

FoF sitt framlegg til melding ligg vedlagt her.

Framlegg til vedtak:

Instituttrådet sluttar seg til utkast til PhD-utdanningsmelding for 2021

Steinar Bøyum
instituttleiar

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Forsknings- og innovasjonsavdelingen
Telefon +4755584980
post@uib.no

Postadresse
University of Bergen,
Postbox 7800
NO-5020 BERGEN

Besøksadresse
Jekteviksbakken 31
Bergen

Saksbehandler
Marie Eide
55584963



Fakultetene

Referanse

2021/19673-MARIEI

Dato

09.12.2021

Ph.d.-utdanningsmeldingen 2021

Som en del av arbeidet med universitetets ph.d.-utdanningsmelding, ber vi om at det utarbeides meldinger for de fakultetsvise ph.d.-programmene. Dette gjelder både de vitenskapelige ph.d.-programmene og ph.d.-programmet innen kunstnerisk utviklingsarbeid. Vi finner det naturlig at ph.d.-programmernes meldinger blir behandlet av de respektive programstyrene.

Ph.d.-utdanningsmeldingen bør ikke være lengre enn fem sider. Vi ber om at punktene nedenfor omtales:

- Oppfølging av foregående års ph.d.-utdanningsmelding og eventuelle tiltak
- Opptak, gjennomstrømming, disputaser, underkjenninger og frafall – beskrivelse av situasjonen og eventuelle tiltak for å forbedre disse parameterne
 - o Hvis gjennomstrømmingen har vært svakere enn ønskelig, ber vi om at bakgrunnen for dette kommenteres
- Korona-pandemiens påvirkning på ph.d.-utdanningen ved fakultetet. Punkter som kan omtales er forsinkelser, forlengelser, opptak, veiledning, datainnsamling, opplæringsdelen, internasjonale nettverk, mv.
- Kandidatens bidrag til forskningen ved fakultetet. Forhold som kan omtales:
 - o Strategiske vurderinger som gjøres ved ansettelse og opptak av kandidater
 - o Hvordan kandidatene utfyller allerede eksisterende forskningsfelt
 - o Graden av nyskapende forskning
- Fakultetenes systematiske kvalitetsarbeid. Forhold som kan omtales:
 - o Oppfølging av fremdriftsrapporter
 - o Midtveisevaluering
 - o Gjennomføring av medarbeider- eller oppfølgingssamtaler med ph.d.-kandidatene ut over ordinær veiledning
 - o Opplæringsdelen
 - Evaluering av rammene og emneporteføljen
 - Emneevalueringer
 - o Programevaluering

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

- Hvis det har blitt gjennomført en evaluering av ph.d.-programmet, omtal evalueringen og hva denne viste, inkludert en omtale av plan for oppfølging
- Hvis det ikke har blitt gjennomført en evaluering, foreligger det en plan for når fakultetet skal gjennomføre en programevaluering?

Meldingene danner et viktig grunnlag for kvalitetsarbeidet ved ph.d.-utdanningen ved UiB.

Frist for innlevering settes til 20. mai 2022. Ph.d.-utdanningsmeldingen vil bli behandlet i UiB sitt forskningsutvalg før endelig behandling i universitetsstyret.

Vennlig hilsen

Benedicte Løseth
avdelingsdirektør

Marie Eide
seniorrådgiver

Kopi
Universitetsdirektørens kontor

Ph.d.-utdanningsmelding 2021

Institutt for filosofi og førstesemesterstudium

Ph.d.-utdanningsmeldingen til Institutt for filosofi og førstesemesterstudier har tatt utgangspunkt i bestillingen fra fakultetet av 2.2.2022 (2022/1218-ELAK). Med unntak av det som følger med naturlig av enda et år med pandemi, skiller ikke denne meldingen seg nevneverdig fra fjorårets melding.

Ved inngangen av 2021 hadde instituttet 8 kandidater i ph.d.-programmet. Ved utgangen av året var det også 8 kandidater. Tre av stipendiatene deltar i NFR-finansierte prosjekt. Én stipendiatperiode gikk ut i løpet av året, og én ny stipendiat ble tilsatt mot slutten av året. Vi hadde to disputaser, men ingen av disse var stipendiater: én disputerte for dr. philos., og én var cotutelle-kandidat.

Slik instituttet ser det er det ingen spesielle problemer med gjennomstrømming, underkjenning og frafall blant stipendiatene på FoF. Nesten alle stipendiatene leverer på tilnærmet normert tid, og de siste ti årene har det ikke vært en eneste underkjenning. Riktig nok har vi enkelte på programmet som ikke er ansatt som stipendiater, men i fast stilling, og som er godt på overtid, men da er det også høyst variabelt hvor mye tid de har til doktorgradsarbeidet. At ingen stipendiater disputerte skyldes naturlig variasjon og en lengre sykemelding. Derimot ser instituttet ut til å kunne få 4-5 disputaser i 2022, som betyr at stipendiatgruppen går gjennom et generasjonsskifte. I det store og hele gjelder det fortsatt at ph.d.-utdanningen på instituttet fungerer svært godt, og at det ikke er behov for spesielle tiltak, med ett unntak, som vi kommer tilbake til.

Som følge av det nye ph.d.-programmet på fakultetet gjennomførte FoF tiltak i 2019 for å avstemme ph.d.-tilbudet på instituttet til det nye programmet, som mellom annet førte til at instituttets årlige statusmøte med kandidatene og veilederne deres, som hadde fungert godt, måtte gå ut av ressurs hensyn, til fordel for systemet med grundige midtveisevalueringer og tilbud om sluttseminar. Foreløpig har inntrykket av det nye opplegget vært positivt.

Midtveisevalueringer og sluttseminar blir utført i tråd med fakultetets detaljerte retningslinjer, med bruk av interne fagekspertter som kommentatorer. Instituttet hadde tre midtveisevalueringer i 2021. Midtveisevalueringene er entydig fokusert på å avdekke eventuelle utfordringer i ph.d.-kandidatens progresjon og i så fall finne praktiske løsninger som er gode med tanke på ph.d.-kandidatens videre løp og levering. Dette skal gjøres på en måte som sikrer at både løsninger, ansvarsfordeling og tidsfrister er avklart før møtet er over, og at disse formelt godkjennes i referatet i etterkant. I ph.d.-opplegget slik det nå fungerer, er midtveisevalueringene et svært viktig tiltak for å sikre gode ph.d.-løp. Instituttet gjennomførte også to sluttseminarer. Også dette tiltaket har mer eller mindre funnet sin form, og fungerer godt som en nyttig sjekk og perspektiv utenfra i ph.d.-kandidatens innsjutt for de som velger å benytte seg av tilbudet. Selv om sluttseminaret formelt sett er et tilbud, er dette noe vi ønsker at alle skal benytte seg av, og så godt som alle har også takket ja.

Den årlige fremdriftsrapporteringen blir fulgt opp først av møter mellom forskningskoordinator og instituttleder, og deretter, dersom det er nødvendig, av samtaler med den aktuelle ph.d.-kandidat. Fremdriften er generelt god på instituttet. For tiden er det ingen saker som krever formell oppfølging, men et par tilfeller der man følger ekstra med for å sikre gode utvikling mot levering. Instituttleder gjennomfører dessuten medarbeidersamtaler med stipendiatene, og dette er også en arena for å følge opp forhold tilknyttet fremdriften i prosjektene. Ingen av

kandidatene er med i ordinære forskerskoler, men noen av dem deltar i The European Ph.D. Network in Philosophy, som FoF organiserer sammen med seks internasjonale universiteter.

Et tiltak som det ikke spørres eksplisitt om i bestillingsbrevet, men som bør nevnes, er instituttets ph.d.-seminar. Dette er et forum kun for ph.d.-kandidatene og ph.d.-koordinatorer der hvert møte er viet til diskusjon av et utkast fra en av ph.d.-kandidatene. Utkastet er normalt fra avhandlingsarbeidet. Alle har lest teksten på forhånd, en medkandidat har påtatt seg oppgaven å tjene som førstekommentator, og ph.d.-koordinator sørger for en runde rundt bordet slik at alle får presentert minst ett poeng. Ph.d.-seminaret fungerer som en samlende faktor i et opplegg der de fleste slike aktiviteter ellers er sentrert rundt forskningsgruppene. Blant fordelene er at ph.d.-kandidatene får et innblikk i hverandres forskningsfelt og samtidig får en anledning til å bli kjent med hverandre. Et slikt ph.d.-seminar er selvsagt ikke ment å erstatte mer spesialiserte fora, fordi den faglige spesialiseringen i filosofi gjør at kandidater med prosjekter innen forskjellige filosofiske underdisipliner som regel ikke kan tilføre mye nytt av rent faglig art. Men nettopp derfor tjener ph.d.-seminaret til å bevisstgjøre kandidatene om utfordringer som angår formidling på tvers av spesialisering – klarhet, argumentasjon, språklig stil, valg som angår presentasjon av bakgrunn osv.

Så godt som alle våre ph.d.-kandidater er aktive medlemmer i forskningsgrupper. Dette er en sentral del både av forskningssatsingen til instituttet generelt, og av våre prioriteringer for ph.d.-utdanningen spesielt. I spørreundersøkelsen som vi gjennomførte for et år siden, rapporterte også kandidatene om at forskningsgruppene er en sentral arena for faglig utveksling og inkludering. Dette er viktig ikke bare for ph.d.-kandidatene selv, men også for forskningsgruppene, siden de fleste av kandidatene også leverer viktige forskningsbidrag. Enkelte av kandidatene har til og med vært blant dem som publiserer mest på instituttet, og kan slik sies å levere «nyskapende forskning».

Vekten på faglig miljø viser seg også i de strategiske vurderingene som instituttet gjør ved rekruttering. Det er instituttet sin strategi at stipendiatstillinger enten blir utlyst på prosjekt eller skal passe inn i en av de aktive, etablerte forskningsgruppene på instituttet. Dette er også i tråd med handlingsplanen for ph.d.-utdanningen som har formulert det å «styrke forskergruppene rolle i veiledningen» som et middel til å nå målet om at «UiB skal styrke fagmiljøenes rolle i utviklingen og gjennomføringen av kandidatenes ph.d.-prosjekter». De gangene det har vært problem med progresjonen til kandidater på programmet, har det typisk vært når de ikke er godt nok integrerte i aktive grupper, selv om det her naturligvis er vanskelig å vite hva som er årsak og hva som er virkning. Vi ser for oss at slik integrering vil bli enda viktigere i årene som kommer.

I 2021 hadde instituttet ingen spesielle tiltak innen kvalitetsarbeid med veiledning. Et fellesmøte for ph.d.-veiledere er noe som man i en annen kontekst og på litt sikt enten kan tenke på å gjennomføre på instituttet, eller invitere fakultetet til å ta initiativ til på HF-nivå. Men selv om det her hadde vært rom for instituttet til å gjøre noe, spørs det hvor stort behovet egentlig er, siden våre PhD-kandidater stort sett fullfører på rimelig tid. Det som instituttet helt klart kan bli bedre på, er å følge opp kandidatene med karriererådgiving, siden de fleste av dem ønsker å fortsette med forskning, men møter et svært hardt arbeidsmarked når de er ferdige. Her ser vi frem til hva UiB Ferd karrieresenter for yngre forskere kan bidra med. Ph.d.-kandidatene har som andre reagert ulikt på den langvarige Covid-pandemien, avhengig av sosial og helsemessig situasjon. Ph.d.-gruppen på instituttet er for liten til at man kan tale om statistikk, men på et mer anekdotisk nivå synes det som om flere har vært reelt preget av de generelle forholdene på måter som har hatt virkning på personlig trivsel og

produktivitet. I tillegg til de elementene som har preget de fleste, kommer at ph.d.-kandidatene (1) er i en tidspresst og økonomisk usikker situasjon med kontraktslutt dato og uten fast stilling å falle tilbake på; (2) mister fokus og kontinuitet på prosjekter som krever dette mer enn de fleste arbeidsoppgaver; (3) i flere tilfeller også befinner seg borte fra egen opprinnelige sosiale sfærer (dette siste gjelder mest dramatisk utenlandske kandidater). Utover disse mer psykologiske og sosiale forholdene kommer selvsagt at enkelte har mistet tid og krefter på å bli smittet og syke av Corona. Her er variasjonene store, men i hvert fall enkelte har mistet både energi og kontinuitet på sykdommen. Vi håper og tror at disse virkningene er av kortvarig art.

Steinar Bøyum

Instituttleder

Institutt for filosofi og førstesemesterstudier



Institutt for filosofi og førstesemesterstudium
Instituttrådet

Referanse

2022/5118-STT

Dato

01.04.2022

III 2022-10 Plan for strategiprosess

Saksforelegg

Instituttet sin strategiplan går ut i 2022. I løpet av 2022 må instituttet difor utarbeide ein ny strategi. Dette arbeidet skal gå parallelt med strategiprosessane til Det humanistiske fakultet og til Universitetet i Bergen, som blir vedtatt våren 2023. Sistnemnde strategi skal gå frå 2023 til 2030. Dei ulike strategidokumenta skal vere i samsvar og støtte opp om kvarandre.

Arbeidet med ny strategi må vere både open og inkluderande. Alle skal få høve til å kome med innspel. I instituttrådsmøtet 18.11.2021 vart det vedtatt at instituttleiinga skal utarbeide ein plan for arbeidet med ny instituttstrategi.

Instituttleiinga foreslår at arbeidet med ny strategi skjer i fem trinn:

- 1) Mai 2022: Oppstart for strategiarbeidet blir instituttdagen. Her vil gjeldande strategi bli gjennomgått, og det vil bli diskusjon over sentrale spørsmål.
- 2) Haust 2022: Oppretting av arbeidsgrupper for kvar del av strategien med utgangspunkt i dei ulike utvala på instituttet. Desse gruppene vil så levere forslag til revisjon av strategien for dei ulike områda.
- 3) Vinter 2022/2023: Instituttleiinga set saman innspela frå dei ulike utvala til eit utkast til nytt strategidokument, på grunnlag av strategiprosessen på fakultet og universitet.
- 4) Vår 2023: Utkastet blir sendt ut til alle på instituttet og diskutert på instituttdag våren 2023.
- 5) Mai 2023: Ny strategi blir vedtatt i instituttrådet.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudium
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplass 12-13
Bergen

Sakshandsamar
Steinar Thunestvedt
55582384

Framlegg til vedtak:

Instituttrådet vedtek den skisserte planen for strategiprosessen ved FOF.

Steinar Bøyum
instituttrådet

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef